



**DET KONGELIGE
FISKERIDEPARTEMENT**

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148, Dep.
0033 Oslo

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02/2351 - 166	
DATO - 7 APR. 2003	
AN 501	EKSP.
Vassdrags.	

Deres ref
OED 2002/2351 EV EAM

Vår ref
2002/156

Dato
7 APR. 2003

Høring – endringer i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven

Vi viser til brev fra Olje- og energidepartementet av 23.01.2003 om ovennevnte.

Fiskeridepartementet har oversendt saken til Havforskningsinstituttet, Fiskeridirektoratet og Kystdirektoratet for deres merknader.

Havforskningsinstituttet og Kystdirektoratet har ingen merknader.

Fiskeridirektoratet har merknader som fremkommer i vedlagt brev av 11.03.03. Fiskeridirektoratet er positive til Olje- og energidepartementets forslag til endringer i industrikonsesjonsloven. Det bes imidlertid om at det utarbeides en rettleiding for hvordan en tar hensyn til fiskerimyndighetenes fagfelt ved saksbehandling av kraftverk som ikke må ha full konsesjonsbehandling. I slike saker må fiskerimyndighetene etter Fiskeridirektoratets vurdering få anledning til å gi uttalelser til planer om vassdragsutbygginger.

Fiskeridepartementet er enig i Fiskeridirektoratets vurderinger. Konsekvensene av forslaget om at anlegg opp til 4000 nhk skal kunne etableres konsesjonsfritt og uten høring av berørte parter er usikre. De miljømessige konsekvensene av et enkelt anlegg vil ikke nødvendigvis være store. Den samlede virkning av flere anlegg innenfor et begrenset geografisk område har man imidlertid ikke oversikt over. Skadepotensialet i forhold til fiskeri og havbruk er imidlertid stort.

Postadresse
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Kontoradresse
Grubbegata 1
Org. nr.: 972 417 815

Telefon *
22 24 90 90
Nett:fid.dep.no


Telefaks
22 24 95 85

Saksbehandler
Emil Schmidt, 22 24 64 35
postmottak@fid.dep.no

Det foreslås derfor at det ved en liberalisering av konsesjonsreglene for anlegg opp til 4000 nhk også innføres bestemmelser som pålegger tiltakshaver å varsle de som berøres av tiltaket. Dette blir i tilfelle regler som kommer i tillegg til de varslingsregler som måtte følge av plan- og bygningsloven ved selve utbyggingen.

Med hilsen


Kirsten Ullbæk Selvig
ekspedisjonssjef


Thomas Kobro
avdelingsdirektør

Vedlegg: Brev fra Fiskeridirektoratet av 11.03.03.



FISKERIDIREKTORATET
KYST- OG HAVBRUKSAVDELINGEN
PLANSEKSJONEN


Sakshandsamar, innvalstelefon
Lárus Thór Kristjánsson, 55 23 83 60

Vedlegg 1 av: 1
Sak: 02/2357-165

Vår dato
11.3.2003
Dykkar dato
18.12.2003

Vår referanse
02/22553
Dykkar referanse
2002/1561

Fiskeridepartementet
Boks 8118 Dep
0032 OSLO



EMS/14/3-2003
JK

Kopi: RØIA
HMA

**FRÅSEGN TIL HØYRING OM ENDRINGAR I
INDUSTRIKONSESJONSLOVEN OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVEN**

Vi syner til tidlegare korrespondanse om saka.

Vi har vurdert forslag om endringar av industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven. Vi har i sakshandsaminga teke kontakt med dei andre avdelingane sentralt om saka. Direktoratet sine regionar har også vore høyrde.

Generelt om endringsforslaga

I vår sakshandsaming har vi fokusert på kva for effektar nemnte lovendring kan ha på fiskeri og havbruksnæringa.

Det er omfattande og grundig høyring Olje og energidepartementet (heretter OED) har lagt opp til. Det er vi glade for.

Vi stør prinsippet om heimfall av konsesjonar etter 75 år med formuleringar om handsaming av nemnte prinsipp. Vassressursane er eit nasjonal fellesgode. Difor må tildeling av konsesjonar og heimfall/inndraging av desse styrast av staten.

OED sitt forslag til endring av § 1 i industrikonsesjonsloven vil medføre at nedre grense for fullstendig konsesjonshandsaming vert endre frå å vere 1000 naturhestekrefter (heretter nhk) til 4000 nhk (5 MW). I dag har Norges vassdrags og energidirektorat fått delegert kompetanse til å fatte vedtak for utbyggingar med installert effekt opp til 5 MW. Dette forutsetter at nemnte tiltak vert handsama etter "vannressursloven". Dette har etaten fått for å kunne effektivisere sakshandsaminga rundt utbygging av småkraftverk. Med forenkling av sakshandsaminga vil ein på lang sikt truleg kunne auke tal på småkraftverk i Noreg og dermed den nasjonale kraftproduksjonen.

Vi er samde i at ein må prøve å forenkle staten sine rutiner for sakshandsaming av ulike karakter. Det er klårt at slik praksis er arbeidssparande både for den einskilde søker og staten. Vi ser at nemnte lovar må endrast for å kunne oppfylle prinsippet om forenkla sakshandsaming. Det er viktig at saksgangen vert klår om korleis ein skal fastsetje nye krav til konsesjonar og konsesjonssøklarar samt handsaming av slike saker.

Det er viktig å hugse at det kan vere andre omsyn å ta når det gjeld tildeling av konsesjonar til kraftproduksjon generelt. I sakshandsaminga må ein kunne identifisere

ulike faktorar/felt som kan verte skadelidande ved regulering og utbygging av eit vassdrag. Her vil vi trekke fram t.d. miljø, andre næringsinteresser m.m.

Merknader til endringsforslaga

Vi merker oss ei endring i nemnte framlegg til revidering av industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven. Endringa kan redusere fiskeristyresmaktene sin medverking når det gjeld forvaltning av ferskvassressursene.

Det er fremma forslag om å endre § 1 i industrikonsesjonsloven. Som tidlegare nemnt, vil endringa føre med seg at nedre grense for fullstendig konsesjonshandsaming vert 4000 nhk (5 MW).

Det vert dermed lovfesta at NVE som kjem til å forvalte loven, kan late det vere å høyre fiskeristyresmaktene om saker som gjeld vasskraftverk under 4000 nhk. Dette er vi skeptiske til.

Erfaringsmessing vert det marine miljøet og brukarinteressene d.v.s. fiskeri- og havbruksnæringa lette på vektskåla når ein planlegg og byggjer ut vassdrag for kraftproduksjon. Det har også sine naturlege grunnar. OED sitt lovverk er knyta opp mot ferskvassressursane. Lovane sitt verkeområde er som sagt på landjorda (sjå kapittel 1, §§ 1 – 4 i "lov nr. 82 av 24. november 2000: Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)").

Kjøring av vasskraftverk kan føre med seg endringar av naturtilstanden i sjø og påverke driftsgrunnlaget hjå sjøbaserte næringsverksemdar.

Ved bruk av vatnkjelde til kraftproduksjon endrar ein tilsiget av ferskvatn til sjø. I vinterhalvåret slepp ein fram meir ferskvatn enn det som vert rekna for å vere normal vassføring og ein held igjen vatn i magasinerna under vårflaumen. Dette fører til at einskilde fjorder vert meir prega av ferskvatn om vinteren.

Det kan oppstå problem p.g.a. islagde områder, noko som kan skade både fiskeri- og havbruksinteresser.

Det er også mistanke om at reduksjon av vatn under vårflaumen kan vere ein av årsakene til smoltdaud hjå stammar av både laks (*Salmo salar* L.) og aure (*Salmo trutta* L.). Mindre vatn i elvene kan vere ei fysisk hindring for ovannemnde artar ved utvandringa til fjordane. Mindre tilsig av ferskvatn til fjordane om våren kan gjere at i øvre lag i sjøvatnet (frå 1 – 10 m) vert saltinnhald høgare enn før. Det kan føre med seg auka tal av lakselus (*Lepeoptheirus salmonis*) i fjordane og dermed stor plage både for havbruksnæringa og ville stammar av laksefisk. Det er kjent at lakselus har vanskar med å overleve i vatn med saltinnhald under 0,5 ‰.

Det er også kjent at endra tilsig av ferskvatn til fjordsystema kan endre artssamansetjinga av algar i sjøvatnet. Dette gjeld både for situasjonen mellom år og mellom årstider.

Vi vil også minne om at den delen av havbruksnæringa som driv med smoltproduksjon kan verte råka av nemnte lovendring. Konkurransen om ferskvatn som ressurs vil auke drastisk. Om prognosane som ein kan lese i høyringsnotatet på side 51, fjerde avsnitt, slår til, vil vi oppleve dramatisk auke i tal på små vasskraftverk. Dette er kraftverk som


vert oppretta utan grundig høyring. Desse vil få eksklusive vassrettar og vi har liten tru på at nemnte kraftverk utan vidare vil dele med andre interesserte, som t.d. smoltprodusentar.


No er det slik at § 25 i "vannressursloven" kan verte nytta til å luke ut planlagde kraftverk som kan kome til å påføre næringsinteresser eller miljø skadar som ikkje let seg rette opp att (sjå ovannemnde lov). Men for å kunne vurdere om og korleis påtenkte vasskraftverk vil råke fiskeri- og havbruksinteressene må ein ha naudsynt og relevant kunnskap. Den kunnskapen har fiskeristyresmaktene.

Med omsyn til ovannemnde rår vi til at De startar diskusjon med OED om korleis ein kan tryggje at fiskeri- og havbruksinteressene vert høyrde i eksisterande og framtidig forvaltning.

Konklusjon

Vi rår til at De stør dei endringar som OED legg opp til i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven. Men vi vil også rå til at De i Dykkar fråsegn ber om at det vert utarbeidd rettleiing om korleis ein tek omsyn til fiskeristyresmaktene sine fagfelt i sakshandsaming av kraftverk som ikkje treng full konsesjonshandsaming. Dette for å ivareta fiskeri- og havbruksinteressene. I slike saker må fiskeristyresmaktene få høve til å gje fråsegn til planar om vassdragsutbyggingar. Det er berre på ein slik måte fiskeri- og havbruksinteressene vert godt og fagleg ivareteke.

Med helsing

Ragnar Sandbæk
seksjonssjef


Lærus Thór Kristjánsson
rådgjevar